



# Årsmelding

# Alversund Musikklag

## 1.januar 2018 – 31.desember 2018

### STYRET

Styret har i perioden hatt følgjande samansetting:

Formann: Mona-Sofie Halvorsen

Nestleiar: Merete Reksten

Kasserer: Rita Rysjedal

Styremedlem: Reidar Fyllingen, ansvarleg for hus

Styremedlem/skrivar: Lene Havnes, ansvarleg for aktivitetar – slutta i mars. Kristin Fjell-Arvidson tok over den rolla fram til august då ho tok permisjon, Aase Skodvin Soltveit tok over etter Kristin.

Etter høring i korpset med de melemmer som ikkje har permisjon, kom vi fram til at styret ikkje trengte en til inn i for kasserer til nytt årsmøte.

Vara – Kristin Fjell Arvidson

Vara – Aase Skodvin Soltveit



Valkomite dette året: Kjell Einar Alver og Arild Alver

Fast Dirigent dette året har vore Per-Lorentz Milotzki

Vi hadde inne Morten Norheim som vikar en onsdag før NM.

Vi hadde inne Jasmine Reitehaug som vikar onsdag før oktoberfesten.

## **Framføringar og andre arrangement**

### Øvingshelgar:

Vi hadde NM-seminar i Knarvik. Her hadde vi inne instruktørar laurdagen og hadde felles øving søndag og fredag. Dessverre ble korpset rammet at sjukdom, så mange var borte frå øving. Her hadde vi instruksjon av Niklas Kvernelid på grovmessing, Per-Lorentz på saksofon, Merete Underhaug på klarinett, fløyte og obo, Roar Fagerli Minde på trompet og Ola Berg Riser på slagverk.

Samarbeid med Fortunens Muikkorps mot felles sommarkonsert i Alversund og Bergen gjorde at vi hadde en øvingshelg på Seim skule, saman med Forunens Musikkorps 5. og 6. mai. Vi hadde instruktørar på de ulike instrumentgruppene laurdag og fellesøving søndag – da var begge dirigentane med. Instruktørar som var inne var Niklas Kvernelid på grovmessing, Torstein Holmås på kornett/trompet, Bjørn Strand på saksofon, Per Harald på klarinett, Mina på horn og Thomas på slagverk. (Har ikkje etternamn på dei tre siste – det skal vi finne ut)

Vi reiste til vår årlige oppstarts-øvingshelg på Kvamskogen Ankerplassen 7-9 oktober. Her øvde vi fredag, laurdag og sundag. Per Lorentz var dirigent.

Vi har hatt ei øvingshelg meir enn andre år dette året. Noko som gjer at vi har fått til eit samarbeid med Fortunens Musikkorps som gjer at vi kan hente hjelp når vi treng det. Noko som har vore nødvendig dette året med så få spelande medlemmer i haust.

### Konsertar:

Nyttårskonsert i Kyrkjelydshuset. Her hadde vi Tonevrimmel og «I G-dur» som gjestar. Ei konsert som var godt med publikum på og som gav litt inntekt og mykje god omdøme.

NM-konsert: vi inviterte til hus-konsert på øvingsdagen før vi reiste til NM i Trondheim. Denne konserten og øvinga var på KUNSK. Det kom 4 for å høre på.

NM- konsert i Trondheim 16.4.18. På scena satt vi 21 spelarar. Vi spelte fredag som første korps på scena. Det førte til at vi fekk varme opp inne i konserthallen. Diverre hadde vi mykje sjukdom i oppkjøringa til NM, så barytonsaksofonisten var sjuk og ikkje med oss. Det var mange borte på øvinga før NM også. Til tross for dette gjorde vi en veldig god konsert. Noko som dessverre ikkje kom fram ved plasseringa i NM. Vi kom ut som siste korpset i 7.divisjon.

17-mai. Vi hadde vår tradisjonelle speling. Start i Kvamsvågen med speling til flaggheising med frukost etterpå. Vi gjekk morgonprosesjon frå Kvamsvågen til kyrkja i Alversund. Fekk lunsj på



skulen før vi spelte til kransnedlegging ved kyrkja. I år var både skulekorps og AML for få medlemmar som kunne spele denne dagen. Så vi slo oss saman og inviterte inn tidlegare medlemmar frå begge kors. Dermed ble vi eit stort korps som gjekk i hovudprosjonen. Tradisjonen tro avslutta vi dagen med å spele på arrangementet i Kvamsvågen.

#### Vår-konsert:

Vi samarbeidet med Fortunens Musikkorps. Her spilte vi en konsert onsdag 8.juni på Haukås musikklag sin sommarkonsert, fredag 8.juni på Alversund skule. Her var Bjørn Strand dirigent-vikar. Seim musikklag var med som gjester. Maylinn Byrknes og Nina-Sofie Halvorsen var med med tre melodiar med song, piano og gitar.

Laurdag 9. reiste vi til byen for å ha konsert på Fløyen. Pga stans av Fløybanen spilte vi utanfor hovudinngangen til banene nede i by'n. Vi spilte programmet to gonger. Bjørn Strand og Per-Lorentz Milotzki dirigerte kvar sin konsert.

#### Basar-konsert:

Vi hadde vår årlige basar 21.10.18. Her spilte vi generalprøve på programmet til oktoberfest-konkurransen. Vi hadde kostymer og gjorde en veldig god konsert. Kristina Osland var inne som vikar for Eva på trombone.

Oktoberfest-konkurransen: Vi spilte på oktoberfest i Åsaturday 27.10.18. Tema i år var 60- og 70-tals musikk. Vi spilte som nummer 6 av 7 korps. Her hadde vi vikar-dirigent Jasmine Reitehaug. Vi gjorde en fantastisk gøy konsert, som gav oss en solid «2. plass». ( Vi kom på 5.plass med 168 poeng.) Kristina Osland var inne som vikar for Eva på trombone. Etter konserten var det fleire frå korpset som var igjen på oktoberfest. Reidar var dommar frå vårt korps.

Det var julekonsert i Alversund kyrkje 16.12. saman med Alversund skulekorps og Alversund kammerkor og saksofon-solist.

## Dugnad:

Vi var med som vakter på landsfestivalen i Bergen. Ein kjekk dugnad. Her var vi sju medlemmer som delte vaktene med oss. 13680kr kom inn.

Vi har og deltatt på portering i Bergen for cruise ship der medlemmar har fått inn gode pengar til korpset. 9630kr

Nokon var å serverte i konfirmasjon og fekk inn litt inntekt til laget. Her tok vi inn 6000kr.

## Aspirantar

AML har hatt Maren Sofie inne som aspirant til julekonserten dette året.

## Øvingar:

Laget har hatt 40 ordinære øvingar pr. 31.12.2018. Vi har hatt ekstraøvingar i forkant av NM og sommarkonsert. Vi har faste øvingar kvar onsdag frå klokka 19:00 til 22:00.



## **Sosiale samlinger:**

Vi er sosiale på turar og øvingshelgar. Elles treffes vi kvar onsdag. Vi hadde fest hos Mona-Sofie i januar.

## **Besetning:**

AML har i sesongen hatt varierende faste medlemmer. Våren var vi 21 faste medlemmar og hausten var vi 18 faste medlemmar.

Det har og vore ein del i permisjon denne hausten. Noko som gjer at vi har vore få på øvingar i haust.

Besetninga i 2018 ar vore fordelt slik:

Fløyte Ellen Nesse

Obo: Lene Havnes

Klarinett: Solveig Alver, Randi Hopsdal, Gro Sundal (utmeldt juli)

Saxofon: Merete Reksten, (Maren Sofie var med på julekonserten)

Baryton sax: Reidar Fyllingen

Horn: Kristin Fjeld Arvidson (permisjon haust), Mona Kristin Fosse

Kornett: Rita Rysjedal (utmeldt juni), Kjell Einar Alver, Arild Alver, Nina Alver(var med på julekonsert)

Trombone: Kristina Osland (permisjon heile året, var med til oktoberfest), Marte Fjeld Arvidson (permisjon vårsemesteret), Eva Styve(permisjon haust semesteret)

Euphonium: Mona-Sofie Halvorsen, Aase S. Soltveit

Tuba: Håvard Alver, Vidar Hopsdal, Arne Hopsdal

Slagverk: Bjarte Tofting, Signy (var med til NM og oktoberfest.)



## Alversund Musikklag har hatt følgende repertoar i 2018:

### Nyttårskonsert i Kyrkjelydshuset i Alversund, søndag 28.jan. Dir. Per-Lorentz Milotzki

Florentiner March	J. Fucik, op. 214	
Ungarsk dans nr. 5	Johannes Brahms	arr. Jugel-Janson
Den glade Bagarn i San Remo	Evert Taube	arr. Stig Gustafson
Tritch-Tratch-Polka	Johan Strauss	arr. R. Beck
Har du fyr?	Ola Bremnes	arr. Øyvind Strand
Begin the Beguine	Cole Porter	arr. Jan Utbult
Don't you worry 'bout a thing,	Stevie Wonder	arr. R. Johnsen
Champagner-Galopp	H. C. Lumbye	arr. Kurt Sorbon

### Før-NM konsert på Holme, lørdag 10.mars. Dir. Per-Lorentz Milotzki

#### Arr. Meland Musikklag og Seim Musikklag

Funky Hedde	Torstein Aagaard-Nilsen	
Prelude, Siciliano and Rondo	Malcolm Arnold	arr. John P. Paynter

### NM for Janitsjar i Trondheim, fredag 16. mars. Dir. Per-Lorentz Milotzki

Funky Hedde	Torstein Aagaard-Nilsen	
Prelude, Siciliano and Rondo	Malcolm Arnold	arr. John P. Paynter

### 17. mai marsjer

Norge i Rødt, Hvitt og Blått, «Vår» marsj, Gammel Jägermarsj, Båstadlundguttene Marsj, De Optimisten.

### Sommar-konsserter på Haukås, i Alversund og på Fløyen i lag med Fortunens Musikkorps. 6-8-9/6. Dir. Per-Lorentz Milotzki og Bjørn Strand

Ambassadør, marsj	Øyvind Strand	
Begin the Beguine	Cole Porter	arr. Jan Utbult
Vesle Hoa Hottentott	Torbjørn Egner	arr. Reid Gilje
Perhaps, perhaps, perhaps	Osvaldo Farres	arr. Inge Sunde
Samba Loco	Frode Thingnæs	
Gruß an Kiel, marsj	Friedr. Spohr	
Isn't she lovely	Stevie Wonder	arr. Idar Torskangerpoll
I byen Samarkand	Odd Nordstoga	arr. Svein H. Giske

### Konsert/Basar på Alversund skule, søndag 14.okt. Dir. Per-Lorentz Milotzki

25 or 6 to 4	R.W. Lamm	
Bohemian Rhapsody	Freddy Mercury	
The Bare Necessities	Terry Gilkinson	
Sgt. Pepper's Lonely Hearts	Lennon/McCartney	

### Oktoberfest i Åsanehallen, lørdag 27.okt. Dir. Jasmine Reitehaug

#### Arr. Jenbanens Musikkorps

25 or 6 to 4	R.W. Lamm	
Bohemian Rhapsody	Freddy Mercury	
The Bare Necessities	Terry Gilkinson	
Sgt. Pepper's Lonely Hearts	Lennon/McCartney	



**Julekonsert, søndag 9.des. kl 17.00 i Alversund kirke. Dir. Bjørn Strand**

Glade jul

Franz Gruber

Høstvise

Christian Hartmann

Pie Jesu

A.L Webber

arr: R.Farr

Jazzy Christmas

arr: Johnne Vinson